

Flom-trussel ved Halsabrotet

21.10.2008

Ved 15-tida tysdag ettermiddag var det tilløp til flom ovanfor Halsabrotet, fortel oppsittarar.

- Det kom plutseleg to store 'elvar' ned mot Halsabrotet og eg måtte kontakta ein grunneigar for å hindra at byggjefeltet vart oversvømt, seier ein av dei som bur i området.
Han meiner at kommunen må leggja ei nytt, minst 1.000 millimeters røyr heilt ned til sjøen.
- Det er ikkje kjekt å måtte gjera kommunen sin jobb når ein må betale for at dei skal ordna opp, seier han.